

Forskning og høgare utdanning

Professor Tove Bull, Universitetet i Tromsø

Seminaret i dag er konsentrert rundt tre hovudspørsmål:

1. Kva for utfordringar eller problem står norsk språk overfor slik du erfarer det frå ditt verksemdsområde?
2. Kva oppgåver bør eit nytt språkorgan ha – i eit nasjonalt perspektiv og spesielt i tilknytning til ditt verksemdsområde?
3. Trengst det nye vegar i norsk språkpolitikk?

Eg skal prøve å svare på desse spørsmåla i tur og orden, men først eit hjartesukk og ei presisering.

Hjartesukket sukkar over forholdet eller like gjerne misforholdet mellom politikk og praksis, strategi og praksis, eller på vanleg norsk: forholdet mellom det som blir sagt, og det som blir gjort. Min ståstad er i høgare utdanning og forskning, og eg er sant å seie ikkje sikker på om vi veit så mykje om kva som styrer dei språkvals- og språkendringsprosessane som går føre seg i dei aktuelle institusjonane. Det vi veit, er at det skjer store endringar; engelsk overtar gradvis fleire og fleire faglege domene. Vi veit òg at det er ei vilja og muligens medvete styrt endring. Samstundes finst det etter kvart så mykje empirisk kunnskap om forholdet mellom språk og makt og mellom majoritetsspråk og minoritetsspråk, kunnskap som ein skulle tru ville liggje til grunn for ei slik vilja endring. Men den kunnskapen synest heilt irrelevant for dei som eventuelt står bak og styrer utviklinga mot meir engelsk i academia. Kvifor er vi så lite viljuge til å ta omsyn til det vi veit, og **det** i såkalla kunnskapsbedrifter? Det var hjartesukket.

Så til presiseringa. Eg har ingenting imot engelsk. Eg publiserer på engelsk, og eg aksepterer at eg i nokre samanhengar må undervise på engelsk. Eg meiner såleis at vi treng eit lingua franca i høgare utdanning og forskning, og at det er udiskutabelt at dette lingua franca-et i vår tid er engelsk. Det treng i seg sjølv ikkje vere noko stort problem. Det som er problemet, etter mitt syn, er at det synest vere så lite vilje til å diskutere kva konsekvensar det har for den norske språksituasjonen at engelsk er, og sannsynlegvis må vere, eit slikt lingua franca i academia. Styresmaktene burde drøfte politikk og strategi med dette som utgangspunkt, og ikkje bare leggje seg på ein naiv ”meir engelsk gjør oss meir internasjonale og globale-politikk”, som er det UFD under Kristin Clemet synest stå for.

Og da er eg over i dei problemstillingane som er dagens tema.

Når det gjeld høgare utdanning og forskning, er situasjonsbeskrivelsen min slik: Norske universitet er i mindre grad enn tidlegare å sjå på som nasjonale institusjonar, og dei oppfattar heller ikkje seg sjølve lenger som nasjonale, slik dei gjorde tidlegare. Ikkje minst derfor grip engelsk meir og meir om seg. Den måten engelsk legg under seg tidlegare norskspråklege domene på, følgjer bestemte vegar. Naturvitskap, teknologi og medisin før samfunnsvitskap, humaniora og teologi. Forsking før utdanning, forskarutdanning før mastergradsutdanning, mastergradsutdanning før

lågare grads utdanning. Tilsvarande vil ein òg kunne seie noko generelt om tiltakande bruk av engelskspråkleg faglitteratur på kostnad av norskspråkleg i ulike fag og på ulike nivå, og dessutan noko om ulike undervisningsformer (forelesing, seminar, kollokvium) i relasjon til norsk og engelsk.

Denne skissemessige verkelegheitsbeskrivelsen er gyldig for akademia i store delar av den vestlege verda: Bortsett frå engelsk har alle andre nasjonalspråk i Europa ei svekt stilling i vår tids universitet.

Gitt at denne beskrivelsen er korrekt, så skulle ein tru at styresmaktene ville diskuterte utdannings- og forskingspolitikk i høve til den røynda som no ein gong er. Men det blir ikkje gjort. I staden blir vi meir eller mindre direkte oppfordra til og honorerte for å bruke meir engelsk, og det heilt uavhengig av kvaliteten på den engelsken vi presterer.

Den diskusjonen eg etterlyser, burde for det første klargjere kor det er legitimt, praktisk og forsvarleg å bruke engelsk, og kor norsk bør vere sikra plass i akademia. Da må vi først skilje mellom forskning og utdanning. Vitskap og forskning er per definisjon internasjonal verksemd, og det er ikkje urimeleg at mykje forskingspublisering skjer på engelsk. Samstundes må vi spørje kva konsekvensar det får for norsk som kulturspråk om det ikkje lenger blir skriva vitskapleg norsk. Det politiske ansvaret for at norsk blir bevart og vidareutvikla på alle område, er faktisk eit ansvar styresmaktene har, anten dei skjønner det eller ikkje. Vi treng ein open og fordomsfri diskusjon om på kva for forskingsområde norsk språk må og bør ha plass. Er det forskingsfelt der det er meir uproblematisk å bruke engelsk enn på andre felt, t.d.? Argumenta i ein slik diskusjon vil dels vere forskingspolitiske, dels språk- og kulturpolitiske, og dei vil dels vere konfligerande. Av omsyn til norsk som vitskapspråk og av omsyn til utvikling av terminologi i ei rekkje fag er det heilt nødvendig at ein slik diskusjon blir ført.

Eit viktig spørsmål å stille i denne samanhengen er om ein engelsk vitskapleg tekst skriven av ein norsk, språkleg og stilistisk er samanliknbar med ein tilsvarande tekst skriven av ein engelsk morsmålsbrukar. Her kan eg referere til ein artikkel av Britt-Louise Gunnarsson frå 2001. Ho viser til systematiske språklege samanlikningar av vitskaplege tekstar skrivne på engelsk av engendarar og amerikanarar, jamført med tilsvarande tekstar på engelsk av forskarar frå andre land. Her handlar det mest om tekstlingvistiske konvensjonar som tekstorganisering, disponering, stilnivå, argumentasjon, måtar å presentere teori og metode på, forfattarplassering og -synsvinkel, osb. Dette er kulturelle konvensjonar som vil vere ulike i ulike språksamfunn. Jamføringar av korleis vitskaplege tekstar blir vurderte av t.d. tidsskriftsredaktørar, er òg blitt gjorde. Jamført med engelskspråklege morsmålsbrukarar blir fremmdspråksbrukarar av vitskapleg engelsk tolka temmeleg negativt. Dei uttrykker seg vagt og manglar vitskapleg klarheit og stringens, blir det hevda. Gunnarsson viser her til Connor 1996, Clyne 1987 og Mauranen 1993. Eg må seie at eg synest det er merkeleg at norske myndigheiter så glatt ser bort frå slikt som dette i si begeistring for internasjonaliseringa, som jo reint faktisk er angloamerikanisering.

Det kan godt vere at Språkrådet og Kulturdepartementet har vore opptekne av slike problemstillingar. Hittil har dei derimot ikkje vore mykje synlege (eller hørlege) på universiteta eller i UFD. Og det er faktisk viktig at debatten går føre seg der.

Undervisning er ein anna skål. Her er det mange relevante variablar, språkkompetansen til undervisaren og studentane ikkje minst. Vi tilbyr meir og meir utdanning på engelsk og utviklar fleire og fleire engelskspråklege kurs her til lands utan å ha ein politikk for korleis vi skal kvalitetssikre desse utdanningstilboda språkleg. Det er neppe nokon fordel for oss om norske institusjonar får ord på seg for å vere middelmåtige eller halvdårlege, fordi vi ikkje meistrar engelsk på nivå med engelskspråklege morsmålsbrukarar. Og det er sjølvsagt det nivået som vil danne standard. I det perspektivet synest eg det både er latterleg og provoserande å lese programmatisk utsegner om at vi må delta i internasjonaliseringa og undervise meir på engelsk og skrive meir på engelsk fordi vi no må konkurrere med så mange fleire internasjonalt. Å ikkje ta på alvor at engelskspråklege nasjonar har nokre fortrinn som vi ikkje har, kan faktisk ramme oss midt i internasjonaliseringa, så å seie. Dersom vi trur at vi har det same potensialet til å lokke til oss studentar frå engelskspråklege land, som omvendt, er vi meir enn naive. Og det er heller ingen grunn til å tru at t.d. tysk- eller franskspråklege studentar vil føretrekkje engelskspråklege studietilbod i Norge framfor tilsvarande tilbod i engelsktalande land. Ein grundig analyse av kven som er potensielle søkjarar til norske utdanningstilbod, burde vere første steget om vi meiner at det er viktig at fleire utlendingar studerer i Norge. No er situasjonen iallfall den at vi sender langt fleire studentar ut enn vi tar imot her heime.

Ei undersøking som er gjengitt av den svenske *Läkartidningen* 26–27/2002 (s. 2930–2932), fortel oss noko om kor godt norske (og svenske og danske) akademikarar forstår engelsk. 114 norske, svenske og danske legar fekk lese same oversiktsartikkel i ti minutt, på papir eller på skjerm, på morsmålet eller på engelsk. Artikkelen var frå fagtidsskriftet *Journal of Trauma*. Rett etter lesinga fekk forsøkspersonane fylle ut eit spørjeskjema med seks opne spørsmål om innhaldet i artikkelen. Ein fann ingen skilnad mellom dei som las på papir, og dei som las på skjerm. Men dei som las på morsmålet sitt, fekk signifikant betre resultat enn dei som las på engelsk.

Dette er resultat som ein kunne vente. At det går fortare og lettare å forstå og begripe saker og ting på morsmålet sitt enn på eit anna språk, veit vi frå før. Det er sjølvsagt òg lettare å skrive på morsmålet sitt.

Uavhengig av kva norske utdannings- og forskingsmyndigheiter er begeistra for, tillet eg meg å spørje: Kan det vere slik at overgangen frå norsk til engelsk som akademisk språk representerer kvalitetssvekking, snarare enn kvalitetsauke? Eller i det minste at engelsk produsert av norske akademikarar vil bli oppfatta som ringare av dei som er dommarar i dette spelet? Betyr akademisk globalisering styrking og konsolidering av angloamerikansk forskning og utdanning på bekostning av forskning og utdanning som har eit anna språk som medium? Betyr det ei tilsvarande styrking og konsolidering av angloamerikanske kulturelle retorikk-konvensjonar? Representerer det i så fall kvalitet, i global forstand? Kva konsekvensar har dette for mangfaldet i vitenskapen? Er det ikkje heller ei form for homogenisering og nivellering som skjer? For det er jo ikkje bare snakk om språkleg einsretting. Det handlar om språkkultur i vid meining, forskingskultur, tenkekultur. Kanskje er det slik at vi er i ferd med å forveksle kvalitetsomgrepet med omgrep som “standard”, “gjennomsnittleg”, “mainstream”?

Spørsmål 2 dreier seg om dei oppgåvene eit nytt språkorgan bør ha i tilknytning til forskning og utdanning. Indirekte meiner eg at eg alt har svart på dette spørsmålet. Den språklege situasjonen i akademia treng til grundig analyse. Alle dei spørsmåla eg har tatt opp, og fleire til, må diskuterast, og helst svarast på. Helst ønskjer eg meg ein språkpolitikk som formulerer mål for bruken av norsk respektive engelsk i forskning og utdanning. Og så trur eg det er nødvendig at det nye organet får UDF med politisk leiing i tale. Så vidt eg kan forstå, treng dei vaksenopplæring også der i garden.

Også spørsmål 3 meiner eg at eg indirekte har svart på. Og svaret er ja. Vi treng nye analysar av dagens språksituasjon i akademia, og vi treng nøkterne og gjennomtenkte strategi- og handlingsplanar for internasjonalisering av høgare utdanning og forskning, planar som òg må seie noko om bruka av norsk i akademia.

Eg tok til med eitt hjartesukk og kan tenke meg å avslutte med eit anna. Norge har internasjonalt renommé for språkpolitikk og språkplanlegging. For meg ser det ut til at vi er i ferd med å bli forbigått av både svenskane og danskane når det gjeld dei spørsmåla som står på dagsordenen i dag. Vi var dei i Norden som først tok i bruk omgrep som domenetap om engelskpåverkinga, vi har alltid hatt internasjonalt ry for høgt språkleg og språkpolitisk medvett. No er det svenskane og danskane som i offisiell samanheng går sterkast inn for aktiv språkrøkt, ikkje minst på grunn av den internasjonale situasjonen. Kva er det som har skjedd når språkpolitisk nyorientering her til lands synest representere reversering på så mange område? I mine verste stunder fryktar eg for min del at meir enn eitt barn risikerer å bli kasta ut med badevatnet.

Litteratur

- Clyne, Michael 1987: "Cultural Differences in the Organization of Academic Texts. English and German.", *Journal of Pragmatics* 11: 211-247.
- Connor, Ulla 1996: *Contrastive Rhetoric. Cross-Cultural Aspects of Second-Language Writing*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gunnarsson, Britt-Louise 2001: "Swedish, English, French or German – The Language Situation at Swedish Universities", Ulrich Ammon (ed.): *The Dominance of English as a Language of Science. Effects on Other Languages and Language Communities*, Berlin – New York: Mouton de Gruyter, 281-316.
- Mauranen, A. 1993: *Cultural Differences in Academic Rhetoric. A Textlinguistic Study*. Frankfurt a. M. etc.:Lang.